

# PLAN FOR KVALITETSUTVIKLING

## Fokusområde for oppvekst 2014-2017



Foto: Jorunn Gravem Whittaker

**TRYGG UTVIKLING DER ALLE ER MED**  
*Saman byggjer me framtida!*

# PLANEN GJELD FOR:

1. Dei kommunale barnehagane
2. Grunnskulen
3. Kulturskulen
4. Sosiale-og førebyggjande tenester for barn og unge
5. Barnevern



## Innhold:

	<b>FORORD</b>	s.4
1.	<b>INNLEIING</b>	s.5
2.	<b>VISJON OG VERDIAR</b>	s.6
3.	<b>FELLES FOKUSOMRÅDE:</b> Samordna innsats for sårbare barn	s.7
4.	<b>FOKUSOMRÅDE BARNEHAGE:</b> Pedagogisk leiing	s.9
5.	<b>FOKUSOMRÅDE BARNEHAGE:</b> Danning og kulturelt mangfold	s.11
6.	<b>GRUNNLAGET FOR ALL OPPLÆRING I GRUNNSKULEN</b>	s.13
7.	<b>FOKUSOMRÅDE SKULE:</b> Grunnleggjande ferdigheiter	s.14
8.	<b>FOKUSOMRÅDE SKULE:</b> Vurdering for læring (VFL)	s.16
9.	<b>FOKUSOMRÅDE KULTURSKULE:</b> Kulturskulen som ressurscenter	s.18
10.	<b>FOKUSOMRÅDE KULTURSKULE :</b> Musikkprosjektet «Ein trygg sosial arena med fokus på kreativ samhandling.	s.20
11.	<b>FOKUSOMRÅDE SOSIALE-OG FØREBYGGJANDE TENESTER:</b> Psykisk helse	s.22
12.	<b>FOKUSOMRÅDE BARNEVERN:</b> Rett hjelp til rett tid.	s.27
13.	<b>STRATEGI FOR KOMPETANSEUTVIKLING</b>	s.30
14.	<b>OPPFØLGING</b>	s.32



## FORORD

Plan for kvalitetsutvikling oppvekst omhandlar dei områda tenestene skal ha spesiell fokus på fram til 31.12.2017 for å sikra ei kvalitetsutvikling i samsvar med nasjonale og lokale føringar. Dei ulike fokusområda er valt med utgangspunkt i ei vurdering av innhald og resultat i tenestene her lokalt sett i forhold til målsettingar i nasjonale styringsdokument for oppvekst. Vurderingane er gjort med grunnlag i ulike undersøkingar og erfaringsbasert kunnskap om situasjonen i tenestene.

Planen gir mål og retning for alle som arbeider i oppvekst, og vil få si konkretisering i årlege budsjett og handlingsplanar i tenestene og i kommunal kompetanseplan for skule og barnehage. Plandokumentet har som mål å leggja til rette for ein konsentrert og systematisk innsats over tid og gi ein føreseieleg situasjon for tilsette ved at fokusområda er bestemt for fleire år.

Fokusområda for alle tenestene er forankra i ein felles visjon «Trygg utvikling kor alle er med». Den nasjonale «Folkehelsemeldinga» framhevar at ein barndom som gir mulegheit for utvikling, læring og mestring har mykje å seia for korleis barn- og unge seinare vil meistra utdanning -og arbeidsliv og vil påverka helsa gjennom hele livet. Gjennom å auka i kvaliteten i barnehagar og skular og ved å vidareutvikla helsestasjons- og skulehelsetenesta og barnevernet skal oppvekstkåra til barn og unge styrkjast. Betre tenestetilbod for alle og meir samordning mellom tenestene for dei mest sårbare barna, blir omtala som avgjerande for gode oppveksttilhøve (Meld. St. 34,2013). Kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021 har oppvekst som eit av satsingsområda og legg vekt på gode og trygge oppvekstkår for barn og unge.

Nokre av fokusområda inngår i statlege satsingar og er finansierte gjennom eksterne midlar. For området «Grunnleggjande dugleikar» vil det vera behov for eit økonomisk løft til læremidlar, auka kompetanse i personalet og tiltak for tidleg innsats. Her vil staten bidra med ei omfattande finansiering av vidareutdanning i realfag og rekning som grunnleggjande dugleik. I tilknytning til budsjettarbeidet vil ein koma tilbake til økonomiske behov utover det som staten vil bidra med.

Kommunalsjef for oppvekst har hovudansvaret for utarbeiding av plandokumentet. I ulike møte i tenestene har det vore fagøktar der det har blitt arbeidd med planen. Ei gruppe med ein representant frå kvar av dei ulike tenestene/fagområda har hatt ansvar for å leggja til rette for arbeidsøktene og redigera innkomne forslag.

Stord, 12.5.2014

Mariann Jacobsen Hilt  
-kommunalsjef-

Diana Bergeland  
-eingsleiar -

Solfrid Lier Habbestad  
-rådgjevar-

Trine Hjertholm  
-einingsleiar-

Ragnhild Storebø  
-rådgjevarar-

Åge Vallestad  
-einingsleiar-

# 1 INNLEIING

## 1.1. Felles plan for oppvekst

Planen omhandlar fokusområde for oppvekst fram til 31.12.2017 og gir felles forankring for alle som arbeider der. «Samordna innsats for sårbare barn» er ei satsing som gjeld alle tenestene og elles får alle si forankring i felles visjon og verdigrunnlag.

For at utviklingsarbeid skal nå forventa målsettingar, veit ein frå forsking at det vil vera trong for å arbeida systematisk minst over 3-5 år.

## 1.2. Fokusområda i planen skal mellom anna:

- Synleggjera samanhengen mellom nasjonalt vedtekne målsettingar for fagområda og forventa praksis i kvart klasserom, i kvar barnehage og i dei ulike hjelpetenestene
- Sikra ein føreseieleg situasjon for leiarar og tilsette ved at fokusområda er bestemt for fleire år.
- Sikra eit langsiktig og systematisk arbeid på dei ulike nivåa i organisasjonen.
- Vera rettleiande i forhold til bruk av avsette midlar til kompetanseutvikling.
- Vera rettleiande for kva fag og område som er aktuelle for vidareutdanning.
- Vera retningsgjevande for kommunalsjefen si oppfølging av einingane i fagmøte og utviklingssamtalar med leiarane.
- Gi forankring for einingane sitt arbeid med den årlege handlingsplanen.

## 1.3. Grunnlag for val av fokusområde

Ved val av fokusområde er det naturleg å leggja til grunn ei vurdering av ståstaden på fagområdet her lokalt sett i forhold til sentrale styringsdokument og føringar som m.a. Meldingar til Stortinget og lovverk. Nasjonale kvalitetsundersøkingar bør inngå i grunnlaget for vurderingane når det er tenleg.

For kulturskulen er det ikkje som for dei andre tenestene, nasjonale føringar som i same grad gir retning for verksemda. Kulturskulen spelar ei viktig rolle i forhold til oppvekstvilkåra for barn og unge, men har større lokal fridom når det gjeld utforming av innhaldet.

## 1.4. Folkehelseperspektivet

I følgje folkehelselova skal alle kommunale tenester medverka til å fremja folkehelsa. Tenester for barn og unge har eit særskilt ansvar, då innsatsen her påverkar folkehelsa i eit livsløpsperspektiv, kanskje også i generasjonar. Utfordringane i forhold til helse handlar i dag om psykisk helse, helseskadelege levevanar og sosiale skilnader i befolkninga. Fokus på trivsel, mestring, sunne levevanar og inkluderande mangfald fremjar helsa til alle og motverkar sosiale helseskilnader. Planen omhandlar såleis fleire satsingsområde som blir spesielt viktige i eitt folkehelseperspektiv. Visjon og verdiar gir vidare ei retning som kan forankrast i kunnskap om folkehelse.

## 2 VISJON OG VERDIAR

### 2.1. Visjon-«TRYGG UTVIKLING KOR ALLE ER MED»

Visjonen legg vekt på at barn og unge skal verta i stand til å meistra seinare arbeids- og vaksenliv, at dei skal ta vare på seg sjølv og andre, vera motiverte for læring og utvikling gjennom heile livet og ta del i trygge og gode fellesskap. God fysisk og psykisk helse, trygghet, trivsel og meistring av grunnleggjande dugleikar er avgjerande faktorar i eit folkehelseperspektiv.

### 2.2. Verdier

Trivsel, læring og meistring «Noen later som om det er en motsetning mellom trivsel og læring. Trivsel betyr ikke at det ikke skal stilles krav, eller at vilje og utholdenhet ikke skal øves. Men det betyr at hvert eneste barn skal kunne kjenne en fundamental trygghet og glede ved å mestre. Livet er slik.» (I. Eidsvåg, 2004)



Kreativitet: Skapande evner vil seia å oppnå nye løysingar på praktiske problem ved uprøvde grep og framgangsmåtar, ved å spora opp nye samanhengar gjennom tenking og forskning, ved å utvikla nye normer for skjønn og samhandling, eller ved å få fram nye estetiske uttrykk. Skapande evner kjem til uttrykk både i forbetra maskinar, reiskapar og rutinar, i resultat frå arbeid og forskning, i kriteria for vurdering og avveging, i bygningar, målarkunst, musikk, rørsle og ord.

Omsorg og gode relasjonar: For alle tenestene i oppvekstområdet vil det handla om dei gode møta med barna (og deira føresette): Barnet/den unge møter med spørsmåla: Ser du meg? Bryr du deg om meg? Er det plass for meg? Desse spørsmåla blir møtt av dei vaksne med blick, ord og kropp som kvar på sitt vis eller saman, gir barnet svar.

Alle barn har trong for ei oppleving av å høyra til, meistra og vera verdsatt:

- Det kan vera barnet i barnehagen når det blir møtt på sine behov for tryggleik, tilknytning, språkutvikling m.m.
- Det kan vera grunnskuleeleven når han/ho blir møtt på trong for tilpassa opplæring og gode relasjonar i samsvar med evner og føresetnader
- Det kan vere når kulturskulen møter barn og unge i kreative, kunstnarlege og fysiske aktivitetar
- Det kan vera når sårbare barn blir møtt, sett og gjeve god hjelp gjennom barnehage, barnevern, hjelpetenester for barn, kulturskule og skule

### 3. SAMORDNA INNSATS FOR SÅRBARE BARN (BTI)



#### 3.1. BTI-modellen

BTI er ein samarbeidsmodell som skal sikra heilskapleg og koordinert innsats overfor barn, unge og familiar det er knyta uro til.

Erfaringar med BTI frå Danmark har vore at modellen gir tilsette frå ulike fagområde meir forståing og oversikt for kvarandre sine oppgåver, og dei blir betre til å koordinera innsats og ansvar. Modellen sikrar elles at innsatsen blir dokumentert og fremjar god overgang og samordning mellom dei ulike tenestene.

Samordna tverrfagleg innsats skal sikra at barn og unge får støtte så snart som muleg etter at det har oppstått uro for dei. Den samordna innsatsen skal gjennomførast i nært samarbeid med foreldra og i ein kontinuerleg dialog med barnet/den unge.

Helsedirektoratet har ansvar for å utvikla modellen til norske forhold. Stord er med i utprøvsperioden og deltar i ei nasjonal arbeidsgruppe. Barnehage, skule, kulturskule, sosiale og førebyggjande tenester og barnevern skal alle sikra gode oppvekstvilkår, og BTI-modellen blir eit viktig verktøy for samhandlinga.

#### 3.2. Innhald i utprøvinga:

- Samarbeidsmodellen frå Danmark omarbeidd til norske forhold.
- Opplæring og kunnskap om den koordinerande rolla som stafetthaldar.
- Stafettlogg
- Utvikling og utprøving av verktøy til støtte for arbeidet for tilsette i alle tenestene.

### 3.3. Mål

- Barn og unge i risiko får god og koordinert hjelp tidleg og så lenge det er trong for det.

### 3.4. Teikn på god praksis

- Barn og unge i risiko blir identifiserte tidleg.
- Den samordna innsatsen sikrar at foreldra til barnet/den unge er ein samarbeidspart heilt frå starten av.
- Når uro oppstår for barnet/den unge blir det gjennomført samtale med barn og foreldre så snart som muleg og seinast innan fire veker etter at uro har oppstått.
- Når det blir vurdert som tenleg, blir det oppretta nettverksgruppe rundt barnet med deltaking frå foreldre og dei tenestene som bidrar i innsatsen
- Tilsette i dei ulike fagområda har god kunnskap om barn/unge i risiko og har høve til å søkja rettleiing av fagpersonar når dei har trong for det.
- Dei ulike tenestene har utvikla verktøy som kan nyttast i den tverrfaglege innsatsen og gir til ei kvar tid god informasjon til kvarandre om desse.
- Tilsette på tvers av fagområde som arbeider med barnet/den unge og familien, har god oversikt over tiltaka som er sett i verk og tar ansvar i arbeidet.
- Tilsette på tvers av fagområde deler kunnskap og kan tilby ein samordna innsats.
- Eit nært og grundig samarbeid mellom barnehage og skule sikrar ei god tilrettelegging for m.a. tilpassa opplæring for barnet ved overgang barnehage-skule.
- Eit nært og grundig samarbeid mellom barneskule og ungdomsskule sikrar ei god tilrettelegging for m.a. tilpassa opplæring for eleven ved overgang barneskule-ungdomsskule.
- Det er til ei kvar tid god dokumentasjon på tiltak som er sette i verk.



### 3.5. Organisasjonelle mål

- Møter på tvers av fagområda/tenestene er knyta til eitt barn/ ein ungdom
- Kommunen har gjennom organisering og gode system sikra at det blir lagt til rette for ein god samordna innsats.

### 3.6. Evaluering

- Årleg i eitt av fellesmøta som er for alle tenestene.
- Nasjonal evaluering av BTI-prosjektet

## 4 PEDAGOGISK LEIING-BARNEHAGEN SOM LÆRANDE ORGANISASJON

### 4.1. Sentrale dokument

- Meld. St. 24 (2012 – 2013) Framtidens barnehage
- Kompetanse for framtidens barnehage – Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 – 2020

Ny barnehagelov og rammeplan er under utarbeiding, og trer i kraft januar 2016

### 4.2. Pedagogisk leiing-barnehagen som lærande organisasjon

Barnehagen må ha ei pedagogisk leiing som set i gang og leier refleksjons- og læringsprosessar i organisasjonen. Leiing av utvikling- og endringsprosessar er ei sentral oppgåve for styraren i samarbeid med dei pedagogiske leiarane. Saman skal dei bidra til at barnehagen er ein lærande organisasjon. Styrar og pedagogisk leiar har ansvar for å leia medarbeidarane i det daglege arbeidet med barna. Dei er rollemodellar med eit særleg ansvar for at barnehagen sitt verdigrunnlag og rammeplanen sine intensjonar vert etterlevd i praksis. Barnehagen må systematisk vurdere om eigen praksis og barnehagen sin kultur bidreg til å fremja desse verdiane.

Eit kjenneteikn ved ein lærande organisasjon er at alle tilsette er engasjert i å skapa og dela kunnskap om korleis dei best kan nå organisasjonen sine mål. I slike organisasjonar vert dei tilsette stimulert til å sjå ting på nye måtar og kontinuerleg utforska korleis ein kan lære saman.

Barnehagen skal vera eit systematisk pedagogisk tilbod, der dokumentasjon og vurdering er ein del av reiskapane.



Med bakgrunn i Barnehagen som ein lærande organisasjon, vert dokumentasjon og vurdering viktige element i barnehagen sitt didaktiske arbeid. Dette arbeidet skal gå i regelmessige prosessar.

Barnehagen skal arbeida med klare målsettingar for kvalitetssikring, vurdering og utvikling av det pedagogiske tilbodet. Dei tilsette i barnehagen skal vera kjent med korleis barnehagen dokumenterer og vurderer barn sine læringsprosessar. Barnehagane skal ha system for å ivareta og sikra det pedagogiske tilbodet til det enkelte barn og barnegruppa. Dette krev at ein er opne og har etisk medvit. Barnehagen skal involvera barn og føresette i vurdering- og planleggingsarbeidet.

Personalet i barnehagen må ha kunnskap om kvifor dei dokumenterer og kva dokumentasjonen skal verta brukt til. Både barn og tilsette sine læringsprosessar skal vurderast. Hovudmålsetting skal vera utvikling av barnehagen som organisasjon, med mål om å gje eit best mogleg tilbod til barna.

For å støtta opp om det enkelte barn si utvikling, skal barnehagen ha kunnskap om bruken av observasjon- og kartleggingsmetode.

### 4.3. Mål

- Barnehagen er ein lærande organisasjon som sikrar utvikling og vekst for alle

Delmål:

- Pedagogisk leiar i barnehagen har kunnskap om kva det inneber å vere leiar i ein lærande organisasjon.



### 4.4. Teikn på god praksis

- Det pedagogiske arbeidet er basert på kunnskap om barn og barn si utvikling og læring individuelt og i grupper
- Utviklings- og læringsaktivitetar har utspring i observasjon, dokumentasjon, refleksjon og systematisk vurdering og samtalar med barn og føresette
- Omsorg- og læringsmiljøet er prega av anerkjennande kommunikasjon, kreativitet, glede og humor og oppleving av mestring
- Personalet samarbeider om utvikling av ein god kvardag for barna

### 4.5. Organisasjonelle mål

- Barnehagen har kompetanse om leiing, planlegging, samarbeid og pedagogisk rettleiing
- Barnehagen har god møtestruktur og gjennomfører planlagde møte

### 4.6. Mål -og resultatoppnåing kan vurderast med grunnlag i:

- Kvalitetsplanen
- Årsplanen til barnehagen.
- Tilsette sin refleksjon over eigen praksis
- Foreldreråd og samarbeidsutval

## 5 DANNING OG KULTURELT MANGFALD I BARNEHAGEN

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikla evne til å reflektera over eigne handlingar og veremåtar i samspel med omgjevnadene og andre menneske.

Barn vert danna inn i eit samfunn prega av etnisk og kulturell variasjon. Dei skal utvikla evne til å forholde seg til og bidra til dette mangfaldet på ein konstruktiv og inkluderande måte. Barnehagen er ein



svært viktig kulturarena der barn og vaksne i fellesskap, og ut frå sine ulike føresetnadar, kan utforska omgrep som dannar grunnlag for korleis me forstår verden. Å forstå eigen identitet og kultur i møtet med det fleirkulturelle samfunnet er ei føresetnad for inkludering og toleranse.

Barn i barnehage har rett til å gje uttrykk for synet sitt på barnehagen si daglege verksemd. I barnehagen skal barn medverka i eiga utvikling og læring. Personalet si evne til å fanga opp barn sine kroppslege og verbale uttrykk, prøva å tolka dei, og å svare på uttrykka på ein anerkjennande og tydeleg og ansvarleg måte, har stor betydning for at barn er aktive i eiga læring og utvikling. Gjennom medverknad i barnehagen vert barnet førebudd til deltaking i eit demokratisk samfunn.

Omsorg i barnehagen handlar om relasjonen mellom personalet og barna, og om barna si omsorg for kvarandre. Det er personalet som har ansvar for relasjonen.

Å gje barn høve til å gje og ta imot omsorg, er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse og eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv. Det handlar mellom anna om at barn må verta i stand til å ta ein annen sitt perspektiv og læra seg å forstå andre sine kjensler, visa omsorg og empati.

Vennskap og gode relasjonar mellom barn/barn og barn/vaksen har stor verdi for læring og oppleving av glede, trivsel og mestring.

Dei første åra i eit menneske sitt liv er ein læringsintensiv fase. Tidleg innsats og høg kvalitet på barnehagetilbodet i heile barnehagealderen gjev eit godt grunnlag for utvikling og læring

### 5.1. Mål

- Alle barn vert møtt med respekt og opplever glede og mestring

Delmål:

- Alle barn opplever at dei får gje uttrykk for kva dei meiner

### 5.2.. Teikn på god praksis

- Personalet har kompetanse om korleis det skal arbeida med utvikling av positive relasjonar mellom barna, kvarandre og mellom barn og vaksne.
- Barn sin medverknad er synleg i barnehagen sine planar og praksis
- Heim og barnehage samarbeider tett i høve barnet si utvikling
- Praksis speglar barnehagelova sine verdiar



### 5.3. Organisatoriske mål

- Barnehagen informerer og synleggjer kulturane som er representert i barnehagen
- Barnehagen har system for at barna får erfaring med demokratiske prosessar
- Barnehagen har system og rutinar for foreldresamarbeid

### 5.4. Mål -og resultatoppnåing kan vurderast med grunnlag i:

- Kvalitetsplanen
- Barnehagen si årsplan
- Tilsette sin refleksjon over eigen praksis
- Foreldreråd og samarbeidsutval.

## 6 GRUNNLAGET FOR ALL OPPLÆRING

### 6.1. Læreplanverket

Heile læreplanverket skal til ei kvar tid danna fundamentet for opplæringa i grunnskulen. All opplæring og arbeidet med fokusområda skal forankrast i:

[Generell del](#) der formålsparagrafen blir utdjupa, og der overordna mål, verdiar og det kulturelle og kunnskapsmessige grunnlaget inngår

[«Prinsipp for opplæringa»](#) samanfattar og utdjuar føresegnene i opplæringslova og forskrifta til lova, medrekna læreplanverket for opplæringa, og må sjåast i lys av det samla regelverket. Her inngår Læringsplakaten som gir forpliktande prinsipp for verksemda i skulen og held fram at skulen skal:

- *«Gi alle elevar like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre*
- *Stimulere lærelyst, evne til å halde ut og nyfikne blant elevane.*
- *Stimulere elevane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking*
- *Stimulere elevane i personleg utvikling og i styrking av eigen identitet, i det å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking*
- *Leggje til rette for elevmedverknad og for at elevane kan gjere medvitne verdival og val av utdanning og framtidig arbeid*
- *Fremme tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar*
- *Stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen til den einskilde læraren*
- *Medverke til at lærarar og instruktørar står fram som tydelege leiarar og førebilete for barn og unge*
- *Sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremmar helse, trivsel og læring*
- *Leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre at foreldre/føresette får medansvar i skolen*
- *Leggje til rette for å trekkje inn lokalsamfunnet i opplæringa på ein meningsfylt måte»*

### 6.2. Bakgrunn for fokusområde for grunnskulen

For skuleområdet legg ein i all hovudsak opp til ei vidareføring av område kor skulane alt har starta eit utviklingsarbeid. For at utviklingsarbeid skal nå forventa målsettingar, veit ein frå forsking at det vil vera trong for å arbeida systematisk med dei ulike utviklingsområda minst over 3-5 år.

### 6.3. Likeverdig og inkluderande opplæring

Likeverdig, inkluderande og tilpassa opplæring er overordna prinsipp i skulen. Det betyr at opplæringa må være tilgjengelig for alle, og at alle skal få gode muligheter for læring, mestring og utvikling. Læring og mestring skal gi trivsel, trygghet, kunnskap, ferdigheiter og haldningar, og læringsarbeidet skal slik sikra både danning og læring hjå elevane. Gjennom den årlege elevundersøkinga som skulane våre gjennomfører, får både skulen og skuleeigar innsikt i korleis situasjonen til elevane er m.a. i forhold til trivsel og mobbing.

Saman med PPT og andre hjelpeinstansar vil skulane sikra god tilpassa tilrettelegging for elevar med særlege behov. Målretta arbeid med grunnleggjande dugleik for elevar som treng tilpassingar er viktig bidrag for å motverke skulefråvær og fråfall undervegs i skulegangen.

## 7 GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER

### 7.1. Grunnleggjande ferdigheiter

Kunnskapsløftet (LK06) omtalar vidare fem grunnleggjande ferdigheiter som er integrerte i kompetansemåla for faga. Ferdigheitene er verktøy for læring og utvikling og er ein føresetnad for at elevane skal kunna visa sin kompetanse i fag. Dei grunnleggjande ferdigheitene er å kunna lesa, skriva, rekna, uttrykkja seg munnleg og bruka digitale verktøy. Privatliv, arbeid og samfunnsliv stiller krav til grunnleggjande ferdigheiter som er avgjerande for at barn og unge skal meistra seinare utdanning og arbeidsliv.

### 7.2. Utvikling av ungdomstrinnet

Forankra i Meld. St. 22 (Melding til Stortinget) om ungdomstrinnet, starta Utdanningsdirektoratet i 2013 ei satsing for ungdomsskulane. Stord kommune tok avgjerd om å delta frå oppstarten, og ungdomsskulane er såleis forventa å arbeida i tråd med satsinga til 2017. Overordna målsettingar for grunnopplæringa som regjeringa la til grunn for utvikling av ungdomstrinnet:

- Alle elevar skal inkluderast og oppleve mestring.
- Alle elevar skal meistra grunnleggjande dugleikar
- Alle elevar skal fullføra vidaregåande opplæring.

Grunnleggjande ferdigheiter, klasseleiing, vurdering for læring saman med praktisk og variert undervisning er hovudområda i satsinga. I strategi for ungdomstrinnet (Kunnskapsdepartementet, 2013) står det:

«Denne strategien skal bidra til at skoleeiere:

- prioriterer satsingsområdene i sitt plan- og utviklingsarbeid
- aktivt støtter skolenes arbeid med å forbedre kvaliteten i opplæringen»

Med grunnlag i tilstandsrapporten for 2013 er det trong for å velja fokusområde for heile grunnskuleområdet som fører til at barneskulane byggjer opp under målsettingane for satsinga på ungdomstrinnet.

### 7.3. Lesing og skrivning

Lesing og skrivning blir omtala som parallelle prosessar i læringsutviklinga til eleven. (LK06). Lesekompetanse kan utviklast ved å skriva, og skrivekompetanse kan utviklast ved å lesa.

Lesing og skrivning skal ikkje berre knytast til norskfaget eller andre språkfag, men høyrer til i alle fag. Gode lese- og skrivestrategiar er ein føresetnad for eit godt utbyte av opplæringa totalt sett.

Kommunen har over fleire år hatt lesing som utviklingsområde, og skulane har gjennom leseprosjektet utvikla ny kunnskap og fått til disposisjon nye verktøy som skal vera til støtte for leseopplæringa. Komité for oppvekst og utdanning har alt gjort vedtak om at det skal arbeidast vidare med lesing. Fleire av skulane våre er med i ulike skriveprosjekt.

### 7.4. Realfag med særleg fokus på rekning som grunnleggjande dugleik

Forankra i «Strategi for styrking av realfag og teknologi 2010–2014», har det frå overordna nasjonalt politisk hald vore arbeidd med å styrkja norske elevar sin kompetanse i realfag. Satsinga på realfag vil bli vidareført og auka av den nye regjeringa. Stord kommune har ikkje hatt rekning eller matematikk som eige utviklingsområde dei siste åra. Rekning som grunnleggjande dugleik blir målt i nasjonale prøvar og er eit delemne, ei grunnstamme i faget matematikk.

## 7.5 Mål

- Elevane i Stordskulen skal gjennom det 10-årige skuleløpet utvikla god kompetanse i lesing, skriving og rekning.



## 7.6. Teikn på god praksis

- Lærarane har fokus på lesing, skriving og rekning i alle fag i samsvar med intensjonane i Kunnskapsløftet.
- Opplæringa i lesing, skriving og rekning byggjer på forskingsbasert kunnskap.
- Heim og skule samarbeider om å gi borna gode leseopplevingar og stimulerer til bruk av litteratur og bibliotek.
- Føresette får gjennom skulen god kunnskap om korleis dei kan gi borna leseglede og leselyst og kvifor eit samarbeid om dette må stå sentralt.
- Skulane sikrar individuell oppfølging i lesing, skriving og rekning gjennom systematisk observasjon av lesing (SOL), nasjonale kartleggingar- og prøvar og set inn tiltak når utfordringar blir oppdaga. (TPO=Tilpassa opplæring)
- Tiltak blir sett inn så snart vanskar blir oppdaga og er spesielt eit overordna prinsipp for småskuletrinnet (TPO og tidleg innsats)
- Elevane lærer om og er i stand til å nytta ulike læringsstrategiar når dei les, skriv og reknar.
- Dei fire prinsippa i vurdering for læring blir vektlagt i opplæringa i lesing, skriving og rekning. (TPO og VFL)
- Opplæringa for elevane er praktisk og variert.
- Leiinga ved skulen har ansvar for at resultatata på nasjonale kartleggingar og kvalitetsundersøkingar og karakterar blir vurdert opp mot måla for opplæringa i lesing, skriving og rekning.
- Skuleeigar følgjer opp læringsutbyttet og utviklinga til elevane i leiarmøte og møte med skulane og utviklar og samordnar tiltak til støtte for utviklinga.

## 7.7. Organisatoriske mål

- Skulane konkretiserer arbeidet med lesing, skriving og rekning som grunnleggjande dugleikar i dei ulike planane for verksemda og gir satsingsområdet plass i ulike fellestiltak for personalet.
- Skuleeigar konkretiserer arbeidet med lesing, skriving og rekning i kompetanseplan for skulane i kommunen og gir satsingsområdet plass i ulike møte med skulane.
- Tiltak som skal inngå i kompetanseplanen, er utarbeida i nært samarbeid med skulane og tar utgangspunkt i kompetansebehova i praksisfeltet.

## 7.8. Mål -og resultatoppnåing kan vurderast med grunnlag i

- Nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn.
- Nasjonale kartleggingsundersøkingar på småskuletrinnet.
- Delområde i elevundersøkinga som omhandlar VFL og grunnleggjande dugleikar.
- Gjennomføring i vidaregåande opplæring

## 8. VURDERING FOR LÆRING (VFL).

Forskning slår fast at føresetnadane hjå elevane for læring kan styrkjast om dei:

- Forstår kva dei skal læra og kva som er forventa av dei.
- Får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
- Får råd om korleis dei kan forbetra seg
- Er involvert i eige læringsarbeid ved mellom annan å vurdera eige arbeid og utvikling

Tydelege mål og kriterier, faglege relevante tilbakemeldingar, råd om forbetring og involvering i vurderingsarbeidet er såleis heilt sentralt i læringsarbeidet. Rett til denne type vurdering (VFL) går fram av forskrift til opplæringslova. Skulane på Stord er i gong med ei kompetanseutvikling i og implementering av prinsippa i vurdering for læring. Fire av dei har fått si opplæring gjennom utdanningsdirektoratet, fire med støtte frå høgskulen og dei to siste vil få si opplæring gjennom FOS.

Frå eitt av bakgrunnsdokumenta til ungdomsskulesatsinga finn me: «God vurderingspraksis og god klasseledelse henger tett sammen og er grunnleggende for lærernes pedagogiske praksis. Det er vanskelig å få til god klasseledelse uten god vurderingspraksis og omvendt. Skal elevenes ferdigheter i lesing og regning bli bedre, er de avhengige av å ha lærere som er dyktige klasseledere og som har en vurderingspraksis som bygger opp under gode relasjoner, tydelige faglige forventninger til elevene, et trygt læringsmiljø, læringsfremmende tilbakemeldinger og elever som er aktive deltakere i egen læreprosess.»



## 8.1. Mål

- Elevane deltar i ei opplæring der dei fire prinsippa i «Vurdering for læring» er godt innarbeidd. Vurderinga fremjar læring, ønskje om meir læring, inspirasjon og motivasjon hjå elevane.



## 8.2. Teikn på god praksis

(Mange av teikna her er samanfallande med spørsmåla om VFL i den nasjonale elevundersøkinga som skulane gjennomfører årleg)

- Elevane får forklart og forstår kva som er måla i faget.
- Elevane har god kunnskap om kva som blir vektlagt når eit arbeid blir vurdert.
- Elevane veit kva forventningar/krav som blir lagt til grunn for dei ulike standpunktkarakterane (U.tr)
- Elevane får tilbakemeldingar som dei forstår, i forhold til kva som er bra med det arbeidet dei har gjort.
- Elevane har god kunnskap om kva dei må gjera for å bli betre i faga.
- Det blir gitt tilbakemeldingar til elevane som dei kan bruka for å bli betre i faget.
- Elevane får koma med forslag til kva det skal leggjast vekt på når arbeidet skal vurderast.
- Elevane deltar i vurdering av eige arbeid.
- Det blir lagt til rette for at elevane kan reflektera over si eiga utvikling i faget.
- Foreldre blir gjort kjent med vurderingspraksisen ved skulen
- Leiinga ved skulen støttar dei tilsette og har system for tilbakemelding til personalet.
- Skuleeigarnivå støttar einingane gjennom kompetansetiltak når det er ønskje om det og har VFL som tema i møte med skulane.
- Leiinga på dei ulike nivå i skulesystemet sikrar at resultata i grunnleggjande dugleikar og på elevundersøkinga blir nytta systematisk som grunnlag for vidareutvikling av praksis.

## 8.3. Organisatoriske mål

- Skulane konkretiserer arbeidet med VFL i dei ulike planane for verksemda og gir satsingsområdet plass i ulike fellestiltak for personalet.
- Skuleeigar konkretiserer arbeidet med VFL i kompetanseplan for skulane i kommunen og gir satsingsområdet plass i ulike møtepunkt med skulane.
- Tiltak som skal inngå i kompetanseplanen, er utarbeidd i nært samarbeid med skulane og tar utgangspunkt i kompetansebehova i praksisfeltet.

## 8.4. Mål -og resultatoppnåing kan vurderast med grunnlag i:

- Elevundersøkinga
- Nasjonale prøvar
- Kartleggingsprøvar
- Refleksjon over praksis i klasserom, i skule, på skuleeigarnivå.

## 9 KULTURSKULEN SOM RESSURSENTER

Kulturskulen har tilsette med høg fagleg kompetanse innanfor kunst- og kulturfaga. Kulturskulen kan tilby kompetanse innanfor musikk, drama/teater, dans, musikkterapi og parkour.

I grunnskule og barnehage vert følgjande lagd til grunn for arbeidet:

- Kortare eller lengre prosjekt i og utanfor ordinær skuletid.
- Bidra med kunstfaga i den ordinære undervisninga ved å nytte alle intelligensane i læringsprosessen.
- Samarbeida med lærarar, administrasjon, anna personale, elevar, føresette.
- Arbeida med grupper med ulike behov og evner.
- Undervisa på tvers av kjønn, alder, etnisitet og kulturelle grenser.
- Bruka kunst for å skapa og utvikla sunn sjølvskjensle.
- Hjelpa til å byggja opp under Betre Tverrfagleg Innsats ved hjelp av kunstfaga



## 9.1. Mål

- Kulturskolen har tilsette med høg fagleg kompetanse innanfor kunst- og kulturfaga og kan gi barn og unge ein oppvekst med god opplæring i og gode opplevingar gjennom musikk, drama/teater, dans, musikkterapi og parkour.

## 9.2. Teikn på god praksis

- Kulturskuletilbod/aktivitetar vert brukt som instrument i barnehagar og grunnskular sitt arbeid innan Betra Tverrfagleg Innsats (BTI).
- Elevar i grunnskulen får nytte kunnskap innan kunst og kultur i skulekvardagen.
- Føresette har kjennskap til å nytte t.d. musikkterapi som spesialpedagogisk verkemiddel.
- Tilsette i barnehage og skule har kjennskap til og tilrår musikkterapi i samanhengar kor dette kan vera hensiktsmessig.



## 10 MUSIKKPROSJEKTET – “EIN TRYGG SOSIAL ARENA MED FOKUS PÅ KREATIV SAMHANDLING.”

Stord kulturskule ynskjer å tilby ein kulturell/musisk møteplass. Denne er tufta på modellen “Kom Nærmere” og me ser dette som eit viktig samfunnstiltak for å gje unge eit høve til å delta i meningsfulle kulturaktivitetar.

### 10.1. Prosjektet skal leggja til rette for:

- At deltakarane i prosjektet skal ha ein trygg og inkluderande sosial arena å gå til.
- Ein deltakarstyrt prosess kor kvardagen vert styrka gjennom samspel i kunstkreative aktivitetar.
- Målretta arbeid mot ulike typar framføring.
- Aktivitetar kor deltakarane kan bidra ut frå eigne føresetnader.

### 10.2. Innhald i tilbodet:

- studioarbeid
- band, samspel, kreativ skiving, foto, film, dans (alle kunstnariske uttrykksformer og format)
- produksjonar (scene, cd, visuelle uttrykk)
- samling minimum 2 timar pr. veke og ca. 20 elevar i gruppa



### 10.3. Mål

- Kulturskolen skal yta tenester innanfor kunst- og kulturlivet til kommunen sine innbyggjarar, til skular, barnehagar og andre kommunale einingar samt lag- og organisasjonslivet i kommunen.
- Kulturskolen skal gje tilbod innanfor eit vidt spekter av kunstfaglege aktivitetar, ulike typar tverrfagleg aktivitet samt utøvande kunstnarleg verksemd.



### 10.4. Teikn på god praksis

- Stord kulturskule er ein trygg plass for positiv utvikling.
- Kulturskolen gir varierte og tilpassa tilbod til elevar og føresette.
- Kulturskolen er uunnverleg i vårt lokale samfunn og gir meiningsfull og gjevande aktivitet sett i nær samheng med andre tenester i og utanfor ordinær skuletid.
- Tenestene kulturskolen gjev til brukarane skal opplevast som gode, klare og målretta.
- Kvaliteten på tenestene vert sikra gjennom velkvalifiserte lærarar, trivsel hjå elevane, dialog og samarbeid mellom brukarar og tilsette og korleis kulturskolen møter brukarane skal i stor grad vera føreseielege.
- Sikrar alle interesserte i Stord høve til å utvikla musikalske og skapande evner.
- I samarbeid med heim, skuleverk, fritidskulturliv og andre medverkar kulturskolen til å skapa kunstfagstilbod med breidde og kvalitet.
- Skular og barnehagar får om ynskjeleg høve til eit nyansert og rikt kunstfagleg miljø i klasse og skulesamfunn.
- Kulturskolen gir tilbod om kompetanseheving innanfor kunstfaga til personale i barnehage og grunnskule.
- Kulturskolen initierer til tverrfagleg samarbeid med utgangspunkt i kunstfaga



## 11 PSYKISK HELSE

### 11.1. Sentrale dokument

- Satsing på barn og ungdom. Regjeringas mål og innsatsområde i statsbudsjettet 2014
- Rettleiar: «Psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunane»
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.
- Folkehelselova



### 11.2. Psykisk helse i barne -og ungdomsåra

Ei god psykisk helse er grunnleggjande for alle barn og unge. Tryggleik, det å høyra til og fellesskap med andre er avgjerande for å utvikla ei god psykisk helse. Den psykiske helsa til barn og unge angår oss alle. Med bakgrunn i dette og i sentrale dokument er det å ha god utvikling av trivsel og psykisk helse hjå barn og unge i Stord eit felles fokusområde for tenestene i SOFT (Sosiale og førebyggjande tenester-barn og unge)



Barn og unge som slit psykisk, vil ofte ha behov for støtte og hjelp frå mange offentlege instansar. Meir heilskapleg satsing på barn og unge, betre førebyggjande tenester som helsestasjon og skulehelsetenesta er viktig.

Psykisk helsearbeid er tiltak retta inn mot menneske med psykiske vanskar, lidingar og konsekvensar av desse hjå den enkelte, deira familiar og nettverk. Psykisk helsearbeid er både eit kunnskapsfelt og eit praksisfelt og omfattar arbeid på systemnivå som helsefremjande og førebyggjande arbeid, opplysningsarbeid og anna arbeid for å motverke stigmatisering og diskriminering (Frå rettleiaren «Psykisk helsearbeid for barn og unge»). Det førebyggjande perspektivet vert sentralt i psykisk helsearbeid med barn og ungdom. Tilgjengelege, kompetente og koordinerte tenester er avgjerande for at barn

– og unge får hjelp på det lågaste omsorgsnivå, og det vil også auka sjansen for at dei som treng det, vert raskare vist til spesialisthelsetenesta (Ibid).

### 11.3. Mål

- Det blir lagt til rette for god utvikling av trivsel og psykisk helse hjå barn og unge

Delmål:

- Aktiv omsorg: Tenestene er oppsøkjande, fleksible og tilgjengelege

### 11.4. Teikn på god praksis

- Tenester med høg fagleg kvalitet, ein har fokus på god kvalitet, tydelegheit og respekt i utgreiinga og tenesteutføring
- Medarbeidarane har god kompetanse i høve forvaltning, god kjennskap til ansvars- og oppgåvedeling mellom stat og kommune, samt saker der brukar har rettar etter fleire lovverk. Gjeldande prosedyrar vert fylgd.
- Medarbeidarane har god kjennskap til kvarandre sin kompetanse, nyttar seg av denne og har fokus på å gjere kvarandre gode.
- Ein har differensiert tenestetilbod, kor medarbeidarar kjenner til dei ulike tenestetilboda, og kor dei samhandlar og koordinerer hjelpetilboda
- Brukarinvolvering: Både born, unge og foreldre skal bli høyrte direkte og systematisk når det gjeld behov og erfaringar frå hjelpetenestene.
- Tenestene skal vere tilgjengelege, fleksible og oppsøkjande.

### 11.5. Organisasjoniske mål

- Dei ulike tenestene i sosiale- og førebyggjande tenester har felles fagdagar knytt til satsingsområdet
- Dei ulike tenestene i sosiale førebyggjande tenester har faste møtepunkt med fagøktar og refleksjon knytt til satsingsområdet
- Helsesystemene har faste møtepunkt for å sikre at born og unge opplever gode overgangar, kontinuitet og heilskap i oppfølginga
- PPT deltek på overgangssamtalar i høve born med særskilde behov
- Medarbeidarane har kompetanse om barn/ unge og psykisk helse
- Tidleg innsats – fleksible, tilgjengelege og oppsøkjande hjelpetenester
- Fokus på heilskap og kvalitet – gjennom deltaking i Betre tverrfagleg innsats (BTI)
- Tenestene skal utvikle høg kvalitet i tverrfagleg samarbeid –gjennom deltaking i Betre tverrfagleg innsats (BTI)
- Styrke arbeidet som koordinator for born og unge med langvarige og samansette vanskar – opplæring i bruk av SAMPRO

### 11.6. Mål –og resultatoppnåing kan vurderast med grunnlag i:

- Kvalitetsplanen
- Tilsette sin refleksjon over eigen praksis
- Brukarplan
- «Føre var» rapport

## 11.7. Særlege fokusområde for dei ulike tenestene i SOFT

### Førebyggjande helsetenester

#### **Sentrale dokument:**

- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester..
- Forskrift av 3. april 2003 nr. 450 om kommunens helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta.
- Veileder til forskrift av 3. april 2003 nr. 459, IS-1154.

Førebyggjande helsetenester har barn og ungdom 0-20 år som si hovudmålgruppe, men har og ansvar for spesielle helsetilbod til andre målgrupper. Helsestasjons- og skulehelsetenesta skal førebyggja sjukdom og skade, fremja god psykisk og fysisk helse hjå komande foreldre, barn og ungdom, samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold. Folkehelseperspektivet står sentralt i tenesta. Tenesta er eit lågterskeltilbod og skal vere lett tilgjengeleg for alle brukarar av tenesta.

Førebyggjande helsetenester består av helsestasjon, fysioterapiteneste, svangerskapskontroll, skulehelseteneste i barne-, -ungdom og vidaregåande skular, samt helsestasjon for ungdom, helseteneste for flyktningar, smittevern og reisevaksinasjon.



#### **Satsingsområde**

- Stabilt tenestetilbod for målgruppa
- Kompetanseutvikling gjennom opplæring i MI (Motiverande intervju), «Tidleg Inn» som er eit verktøy for tidleg identifisering av vald, rus og svangerskapsdepresjonar og deltaking i programmet Ammekyndig helsestasjon.
- Auka fokus på primærførebyggjande arbeid og tidleg intervensjon, gjennom mellom anna kontakt med alle skulebarn på bestemte klassetrinn

### Pedagogisk-Psykologisk Teneste (PPT) for Stord og Fitjar

#### **Sentrale dokument**

- Opplæringslova
- Vegleiar til opplæringslova om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

PPT er ei felles teneste for Stord og Fitjar, og er kommunane sin sakkunnige instans i høve til Opplæringslova. Målgruppa er born, ungdom og elevar som ikkje har eller kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

### **Hovudarbeidsområde**

- Sakkunnig vurdering knytt til Spesialpedagogisk hjelp etter §5-7 i Opplæringslova
- Sakkunnig vurdering knytt til spesialundervisning (§5-1) i Opplæringslova
- Deltaking i Tverrfaglege møter i kommunale og private barnehagar
- Fast tid og Tverrfaglege møter i grunnskulane
- Rettleiing og rådgjeving til barnehagar, skular og foreldre knytt til barn og unge med særlege behov

### **Satsingsområde**

- Særskild fokus på dei yngste barna i barnehagen. Me veit at tidleg hjelp har stor innverknad på barnet si vidare utvikling. Kartleggja og utforska barns språklege, kognitive, sosiale og emosjonelle fungering er viktige bidrag for god tilrettelegging i barnehagen. Saman med utvalgte barnehagar bidreg PPT med implementering av ASQ (Ages&Stages Questionnaires).
- Fokus på barn/unge og psykiske vanskar. Oppleving av fagleg og sosial meistring og gode psykososiale tilhøve i skular og klassar er viktige bidrag for å førebyggja psykiske vanskar hos barn/unge. Saman med skulane og andre hjelpeinstansar vil PPT bidra til god tilpassa opplæring og god tilrettelegging for elevar med særlege behov. Målretta arbeid med grunnleggjande dugleik for elevar som treng tilpassingar er viktig bidrag for å motverke skulefråver og fråfall undervegs i skulegangen.
- Systemretta arbeid

### **Utekontakten**

#### **Sentrale dokument**

- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester.
- Folkehelselova
- Vegleiar Frå bekymring til handling – tidleg intervensjon på rusområdet (helsedirektoratet 2007)
- Vegleiar Det magiske øyeblikket – korleis komme i kontakt med ungdom som sliter (BUF-direktoratet 2010)

Utekontakten er ei lågterskel teneste for ungdom og vaksne mellom 13 og 23 år. Utekontakten nyttar oppsøkande arbeid som metode for tidleg identifikasjon og relasjonsbygging, med mål om å hjelpa ungdom til å gjere gode val for seg sjølv. Tilgjengelegheit, relasjon, tillit og brukarmedverknad i kontakten med ungdom er grunnleggjande i arbeidet. Utekontakten samarbeider tett med andre hjelpetenester

### **Satsingsområde:**

- Individuell oppfølging – og inkludera nettverk
- Gruppeaktivitetar – ART, unge & rus og aktivitet
- Feltarbeid dagleg - ute og inne
- Kartlegging
- Auka fokus i høve fråfall i vidaregåande skule

### **SLT – Samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak**

#### **Sentrale dokument:**


- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester.
- Folkehelselova
- Handlingsplan for førebygging av kriminalitet (Justis- og beredskapsdepartementet 2013-2016)
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar, Eit liv utan vald (Justis- og beredskapsdepartementet 2014-2017)

SLT – samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak er ei ordning som fungerer som eit overbygg for alt førebyggjande arbeid i Stord kommune, og er eit samarbeid mellom kommunen og lensmannen. Tiltak som vert sett i gong i regi av SLT skal byggjast opp om og utviklast i ordinær verksemd.

SLT er ei teneste for barn og unge mellom 12-18 år. Tenesta har særleg fokus på born og unge som har vanskelege oppveksttilhøve, born og unge som gjer lovbrøt, samt born og unge som gjer, eller kan ventast å gjera, handlingar som er til skade for dei sjøve eller andre. SLT skal medverke til ei forpliktande og god samordning av tiltak som verkar kriminalitetsførebyggjande, rusførebyggjande, og redusera faren for at born og unge utviklar psykiske vanskar og åtferdsvanskar.

#### **Satsingsområde:**

- Førebyggje i høve rusmisbruk hjå born og unge
- Førebyggje i høve åtferdsvanskar og ulovleg fråvær i skulen
- Førebyggje i høve psykiske vanskar hjå born og unge



## 12 RETT HJELP TIL RETT TID

### 12.1. Sentrale dokument

- Barnevernlova
- Det du gjør, gjør det helt. NOU 2009:22 Betre samordning av tenester for utsette barn og unge

### 12.2. Om barneverntenesta



Sunnhordland interkommunale barnevernteneste (SIB) har følgjande barnesyn og verdi i arbeidet:

SIB ser på barn som aktive deltakarar i eigne liv og møter dei med nestekjærleik.

I møte med andre og kvarandre syner me respekt, er opne, lyttande og audmjuke.

Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, herunder sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid og på rett stad.

Barneverntenesta skal handla på barnet sine vegne. Når det oppstår interessemotsetnader mellom barn og foreldre, andre føresette eller andre tenesteytarar, skal barneverntenesta prioritera tiltak til barna sitt beste framfor tiltak som støtter foreldra.

Kommunen skal følgja nøye med i dei forhold barn lever under og har ansvar for å finna tiltak som kan førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem. Barneverntenesta har ansvar for å avdekkje omsorgssvikt, åtferdsproblem og sosiale og emosjonelle vanskar så tidleg at tiltak kan setjast inn og varige problem blir unngått, jfr. Barnevernlova § 3-1. Det å kunna tilby rett hjelp til rett tid og på rett stad er eit viktig mål for barneverntenesta og eit satsingsområde.

### 12.3. Brukarmedverknad

Tar ein utgangspunkt i kva det betyr for individet å ha kontroll over eige liv ved å forstå samanhengar og oppleva at ein sjølv har noko å seia, vil det vera naturleg å byggja ein praksis i barneverntenesta som har fokus på brukarmedverknad.

Når barnet/den unge si stemme blir høyrte i utarbeiding av eige hjelpe- og behandlingstilbod, handlar det om brukarmedverknad.

Brukermedverknad på individnivå handlar om at den enkelte brukar har påverknad på eige hjelpe- eller behandlingstilbod. Det kan skje ved at barn/unge gjennom dialog med barneverntenesta deltar i utforming og evaluering av tenestetilbodet som blir gitt.

Barneverntenesta skal ha fokus på å arbeida mot eit meir heilskapleg og betre barnevern. Gjennom at barn og unge får god informasjon, får sei si meining, blir tatt på alvor og får meir innflyting – i sitt liv. Brukarmedverknad er difor eit særleg satsingsområde for barneverntenesta.

Barneverntenesta er med i prosjektet MITT LIV som er eit innovasjonsarbeid der ein vil utvikla og prøva ut nye arbeidsmåtar og rutinar for barnevernet. Unge i barnevernet og fagfolk i 12 norske barneverntenester, blir i 2013 og 2014 ilag utviklarar av norsk barnevern. I kvar region deltar to kommunar, Barne-ungdoms og familieetaten (Bufetat) og Fylkesmannen, i tillegg til utdanningsinstitusjonar. I 2015 vil resultat samlast og formidlast rundt om i Noreg. Forandringsfabrikken er pådrivarar, ilag med KS. Barne-,likestillings- og inkluderingsdepartementet støttar prosjektet.

#### 12.4. Tidleg innsats

Forsking syner at tidleg innsats har god effekt, dette gjeld tidleg inne i barn sitt liv og tidleg inn ved problemutvikling. For barnevernet er det viktig å få melding om uro og bekymring så tidleg som mogleg i barn sine liv og før problem veks seg store. Dette fordi me må finna utav, gje rett hjelp og støtta for om mogleg å endre. Om barnet må flyttast utanfor heimen, bør dette skje så tidleg som mogeleg, for å sikra god hjelp, støtte og utvikling for barnet.

Det er eit mål for barneverntenesta at barnet skal vekse opp i sin næraste familie, og ein skal gje utviklingsstøtte der dette er mogleg. Jo tidlegare barnevernet kjem inn med hjelp og støtte, dess større er sjansen for å lukkast. Med bakgrunn i sentrale føringar og forsking, har barneverntenesta eit særleg fokus på små barn og eit av satsingsområda er tidleg innsats.



### 12.5.Mål

- Barn og unge opplever å bli høyrte i møte med barnevernet, og som kontaktperson i barnevernet tar ein alltid utgangspunkt i ressursane til barnet/den unge.

### 12.6. Teikn på god praksis

- Tenesta har høg fagleg kvalitet, ein har fokus på rettstryggleik, tydelegheit og respekt i utgreiinga og tenesteutføring
- Medarbeidarane har god kompetanse ifht. forvaltning, god kjennskap til ansvars- og oppgåvedeling mellom stat og kommune, samt saker der brukar har rettar etter fleire lovverk. Gjeldande prosedyrar vert fylgt.
- SIB har eit differensiert tenestetilbod.
- Barna opplever at dei har innverknad på det som skjer i eige liv.
- Viktig at barna opplev at me bryr oss om korleis dei har det.
- Grunnmuren til barnevernproffane må gjelde kvart einskild barn; kjærleik, normalitet, samarbeid og innflyting.

### 12.7. Organisasjoniske mål

- Tenesta har fagdagar knytt til satsingsområda.
- Tenesta har faste interne møtepunkt, med fagøktar og refleksjon knytt til satsingsområda.
- Satsing på heilskap og kvalitet og samarbeid – gjennom deltaking i betre tverrfagleg innsats (BTI), TIBIR, Modellkommuneforsøket og Tidleg Innsats.

### 12.8. Mål -og resultatoppnåing kan vurderast med grunnlag i

- Tilbakemeldingar frå brukarane
- Teikn på god praksis i kvalitetsplanen
- Medarbeidarsamtalar
- Tilsette sin refleksjon over eigen praksis



## 13 STRATEGI FOR KOMPETANSEUTVIKLING

Planen skal gjerast kjent og konkretiserast i einingane i oppvekstområdet, og først av alt er dette eit leiarsvar. På kommunenivå vil det vera naturleg å nytta dei ulike leiarmøta i oppvekstområdet til dette arbeidet, og einingsleiarane kan nytta eksisterande informasjonskanalar og møte kor kvalitetsutvikling har ein naturleg plass som møte for tilsette og foreldremøter m.m.

Tiltak må byggja på kunnskapsbasert kompetanse og skal såleis vera forankra i kva forskning seier er god praksis.

Kompetanseutvikling skal føra til endra praksis i samsvar med målsettingane innan satsingsområda. Etter -og vidareutdanning, opplæring og rettleiing bør samsvara med satsingsområda i planen, men her vil det i tillegg vera trong for ei vurdering av kva kompetanse einingane har spesiell trong for.

### 13.1. Ulike strategiar for kompetanseutvikling

Knut Roald (2000,2012) omtalar ulike strategiar for kompetanseutvikling (sjå figur): «Ein kontrollorientert eller vedtaksorientert strategi vil kunne vere eigna i kritiske situasjonar eller



når ein skal sikre individuelle rettar. Opplæringsstrategien er m.a. eigna når nytt fagstoff kjem til.

Proessorienterte strategiar fungerer best når faglege og sosiale problem organisasjonen står overfor har ein kompleks karakter som krev at ein må gå inn i kunnskapsutviklande samarbeid for å få meir inngående forståing av både utfordringane og moglege tiltak.»

Å vera i stand til å kunna velja eigna strategiar i ulike situasjonar vil vera vesentleg for utviklingskapasiteten i organisasjonen.

Sjølv om ulike strategiar vil nyttast i oppfølging av fokusområda, bør det stå sentralt at heile oppvekstområdet legg vekt på den proessorienterte strategien. Same kva strategi som blir nytta i kompetanseutviklinga, vil det krevja tid. Der den proessorienterte strategien i større

grad skal vektleggjast, vil det krevja at eksisterande møteplassar på dei ulike nivåa i tenestene gir rom for det.

## 13.2. Prinsipp for kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling på både organisasjons- og individnivå Kompetanseutviklinga innan fokusområda skal retta seg mot alle tilsette og bidra til å utvikla praksis og vidareutvikla organisasjonen. Kompetanseutviklinga må byggja på forskning om kva som fremmer god utvikling og retta seg mot kommunenivå som pådrivar og støtte, mot leiarar i einingane som skal leia arbeidet og mot utvikling av dei tilsette sin kompetanse for å betra utviklinga til barn/unge. For at ny kunnskap ikkje berre skal gjelda enkeltpersonar, må eininga etablera strukturer og planar for korleis dei skal dela, ivareta og anvende ny kunnskap.

### Kompetanseutvikling på alle nivå

Kompetanseutviklinga skal organiserast slik at den bidrar til å utvikle kunnskap hjå både einingane og på kommunenivå. Det betyr at alle involverte må observera, dokumentera, dela og reflektera over praksis og arbeida for at heile organisasjonen skal eiga kunnskapen og ikkje berre enkeltpersonar.

### Innsats over tid

Arbeidet med å utvikla eigen praksis krev tolmod og tid. Kollektiv læring og utvikling i fagområda skal bidra til at utviklingsarbeidet blir etablert praksis når ikkje lenger området har spesiell fokus.

## 13.3. Arena for kompetanseutvikling

### Møte

I kommunar som arbeider aktivt med å etablera produktive organisasjonslæringsprosessar, er leiarmøta under endring frå ein arena for informasjon til eit aktivt forum i kvalitetsarbeidet til kommunen. Det blir også arbeidd med å utvikla ei meir lærande form i styringsdialogane mellom eining- og kommunenivå. Framfor alt kan møte vera prega av ein bevisst organisasjonslæringslogikk. For at desse møtearenaene skal fungera kunnskapsutviklande, må ein utvikla rammer som stimulerer refleksjon og medskaping i sterkare grad enn i tradisjonelle forvaltingsmøte der sakspresentasjon, avstemming og vedtak gir strukturen (Knut Roald, 2013).

### Nettverk

Nettverk kan nyttast som arena for erfaringsutveksling, refleksjon og fagleg utvikling. Arbeidet skal ta utgangspunkt i konkrete eksempel frå praksis og støttast opp av relevant teori og forskning. Det må setjast av tid til slikt samarbeid. Arbeidet i nettverka må knytast tydelig til utviklingsprosessen i eininga.

### Anna

Når det er trong for det, må det kunne leggjast til rette for fagøkter eller fagdagar som skal gi viktige innspel til prosessane. Mange av fagområda deltar i og kjem til å delta i kompetanseutviklingsprogram i regi av sentrale myndigheiter, FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland) eller andre eksterne kompetansmiljø. Også når dette er situasjonen, må innhaldet i fagdagen eller programmet eininga deltar i, følgjast opp med refleksjon over og utvikling av eigen praksis og gi viktige bidrag til den kollektive læringa i organisasjonen

## 14 OPPFØLGING

### 14.1. Årshjulet til rådmannen

Einingane i oppvekstområdet følgjer som resten av verksemdene i kommunen, rådmannen sitt årshjul for planlegging og oppfølging i forhold til målekart og økonomi. Framdrift og utvikling i einingane vil bli registrert gjennom dette arbeidet (handlingsplan, budsjett og budsjettreportering gjennom året, årsmelding, medarbeidarsamtalar). Rådmannen har i tillegg eit system for kvalitetsoppfølging, «Kvalitetslosen», der m.a. ulike rutinar og malar for vedtak forankra i lovverket på dei ulike områda er å finna.

### 14.2. Oppfølging for kvart område

For dei ulike fagområda er det elles i tillegg spesielle krav til oppfølging. Etter opplæringslova § 13-10 skal skuleeigar ha eit system for oppfølging av resultatata frå dei nasjonale kvalitetsvurderingane og pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Lovene for barnehagar, sosiale-og førebyggjande tenester og barnevern har spesielle krav om oppfølging på sine område.

I tillegg til planlegging og oppfølging som inngår i årshjulet til rådmannen, skal dei ulike fagområda sikrast oppfølging på kvalitet og utvikling gjennom følgjande tiltak:

[Kvalitetsutviklingssamtalen](#) skal vera ein oppfølgjande samtale mellom eining og kommune på administrativt nivå, med grunnlag i resultat og spørsmålsstillingar som kjem fram av nasjonale undersøkingar, tilsyn eller erfaringar. Målet er at samtalen skal gi kommunenivå kunnskap og innblikk i kvardag og praksis i einingane og elles gi innspel om trong for støtte frå kommunenivå. Samtalen vil tena som eit viktig grunnlag for utarbeiding av vurderingane i tilstandsrapporten.

[Tilstandsrapporten](#) skal omhandla ulike resultat på skuleområdet, og den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret. (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd). Sjølv om det berre er for grunnskulen det er lovkrav om tilstandsrapport, kan den utvidast til å gjelda alle fagområda innan oppvekst.

[Årleg samtale](#) mellom einingsleiar og næraste overordna (inngår i årshjulet til rådmannen), vil først og fremst vera ein medarbeidarsamtale, men kan gi noko rom for oppfølging av kvaliteten i opplæringa.

[Rektormøte, fagmøte for styrarar og fagmøte i dei ulike tenestene](#) skal gi rom for fagøker og erfaringsutveksling der arbeidet med fokusområda og kvalitetsutvikling skal stå sentralt.

Einingsleiar må ha eit tilsvarande system for oppfølging av kvaliteten i verksemda. Her må det gå fram kva undersøkingar og evalueringar som skal gjennomførast, korleis dei ulike undersøkingane og evalueringane skal følgjast opp og av kven. I tillegg bør det av systemet gå fram kven som skal informerast om resultatata og kva parter som skal delta i drøfting av resultat og konklusjonar. Framfor alt skal dette nyttast som grunnlag for tilrettelegging av læring og utvikling for alle barn og unge, men blir og eit viktig fundament for å finna ut om eininga har trong for rettleiing for å utvikla organisasjon vidare.